

Gulatinget



Foto: Kine Bratli Dale

Frå jubileumsforestillinga «Dei guddommelege søstre»

Nasjonaljubileet – Noreg i tusen år & Landslovjubileet
Magnus Lagabøtes Landslov av 1274 – 750 år



NORGE
I TUSEN ÅR
NASJONALJUBILEET
— 2030 —

2024
SLUTTRAPPORT

Historikk

Gulatinget er eit av dei eldste regionale landskapstinga frå vikingtid og tidleg mellomalder. Her samla nordmenn seg frå heile Vestkysten ein gang årleg for å drøfte politikk, lage lover og dømme i saker frå 900-1300. Gulatinget var først eit allting for Hordaland, Sogn og Fjordane. Seinare ble det eit representasjonsting for heile området frå Ålesund til Kristiansand, Setesdal, Hallingdal og Valdres. Tinget gav oss Gulatingslova, den eldste bevarte lovsamlinga i Norden. I dag står Tusenårsstaden til minne om Gulatinget i flotte omgjevnader 4 kilometer utanfor Eivindvik i Gulen kommune.

1. Oppsummering av arrangement

1.1 Bakgrunn

Gulatinget har i perioden 2018-2024 vore del av Nasjonaljubileet – Norge i tusen år, etter vedtak i Styringsgruppa for Gulatinget i 2018 og på oppdrag av tidl. Sogn og Fjordane fylke. Hovudmarkeringa i 2024 er under programmet Verdier i lowerket. Gulatinget har valt som sine kjerneverdier i jubileumsåret Folkestyre, Tillit og Fred.

Gulatinget har vore del av Landslovprosjektet i perioden 2020-2024. Prosjektet kulminerte med Landslovjubileet i 2024 der ein markerer 750 års jubileet for Magnus Lagabøtes Landslov av 1274.

Desse to jubilea har sitt samanfall i 2024. Gulatinget si hovudmarkering i 2024 har difor fått namnet «Gulatinget 2024». Arrangementet femner både Landslovjubileet og Nasjonaljubileet – Norge i tusen år, med vekt på den betydninga historia til Gulatinget har hatt for framveksten av Noreg som rettssamfunn og demokrati.

1.2 Gjennomføring

Gulatinget har hatt ei rekke arrangement knytt til jubileumsåret. Allereie i 2020 var Gulatinget vertskap for Landslovutstillinga «Miserabiles Personae – dei svake i samfunnet». I samband med utstillinga inviterte Gulatinget til ein seminarrekke, der lova blei sett i et historisk- og eit samtidsperspektiv. Åtte innleiarar, forskarar og samfunnsdebattantar tok gjennom digitale foredrag pulsen på stoda for “dei svake i samfunnet” i vår tid.

Innleiarane var professor dr. Juris Jørn Øyrehagen Sunde, professor emeritus Jan Fridthjof Bernt (UiB), generalsekretær i Stiftelsen Rettferd Tor Bernhard Slåtthaug, dåverande Byråd for arbeid, sosial og bolig (no kulturminister) Lubna Jeffrey, professor i historie ved NTNU Erik Opsahl, historikar Ole-Albert Rønning Nordby ved Nationalbiblioteket, historikar Anne Elisa Tryti og professor Anna Catharina Holm fra UiO. Foredraga vart sett av 60 000 tilhørarar digitalt og er tilgjengeleg på [Gulatinget sin nettside](#).

I perioden frå oppstart av planlegging, og fram mot 2024 har dagleg leiar, og seinare programansvarleg deltatt på møter og arrangement i regi av Nasjonaljubileet og Landslovjubileet, mellom anna på Frosta, Eidsvoll, Moster, Aga, Stiklestad, Tromsø, Oslo (Nationalbiblioteket), Gudbrandsdalen m.m.

Ein har gjennom 2023-2024 hatt ei rekkje markeringar, prosjekt og arrangement i samband med jubileumsåret.

Hovudmarkeringa av Gulatinget 2024 vart gjennomført i perioden 23.-25. august. Aktivitetane under hovudmarkeringa er skildra under pkt. 6 "Aktiviteta".

1.3 Økonomi

Utandørs-arrangement over store deler av Sør-Noreg vart denne helga råka av uvær og ekstreme nedbørmengder. Gulen slapp ikkje unna. Været, samt andre faktorar (som er skildra nærmare under avsnitt 7), medførte at vi fekk ei rekkje meirkostnader til utstyr, sikring, flytting av arrangement, transport, ekstra personell etc. Prosjektet kom m.a. som ein følge av dette ut med eit underskot på kr 0,9 mill.

2. Overordna mål og rammer

Målet for arrangementet har vore at Gulatinget skulle vere ein arena for kunnskapsutvikling og samarbeid på tvers av ulike fagfelt. Ein ønska å auke bevisstheit og kunnskap om den betydninga Gulatinget har hatt for framveksten av folkestyret i Norge, og drøfte korleis denne arven bør forvaltast i framtida.

Lokal medverknad har vore ei sentral satsing for jubileet. Det har vore etablert samarbeid mellom lokalbefolkninga og profesjonelle kunstgrupper og aktørar.

2.1 Effektmål

Gulatinget 2024 har gjeve auka kunnskap om historia knytt til etableringa av det norske folkestyret og rettssamfunnet. Arrangementet har belyst og aktualisert vår felles rettshistorie, og tatt pulsen på status for dei grunnleggande verdiane folkestyre, tillit og fred. Arrangementet har mobilisert og implementert lokal kunnskap og lokale interesser slik at dei vart ein tydeleg del av Gulatinget 2024. Gjennomføringa av arrangementet har gitt erfaring med samarbeid, og medvit om korleis Gulatinget kan nyttast som stad for å erobra ny kunnskap. Markeringa har gjeve store opplevingar av kunst og kultur, med høg kvalitet for ei stor målgruppe; frå born til eldre, på tvers av generasjonar, kjønn og etnisitet.

2.2 Resultatmål

Gulatinget 2024 har resultert i fleire arrangement for ulike målgrupper gjennom hei-

le 2023-2024; i regi av Gulatinget og i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Gulatinget har blitt ein samlingsstad for forskning og utviklingsmiljø i form av seminar og konferansar for fagfolk innan ulike fagfelt.

Gulatinget er blitt styrka som ein samlingsstad for lokalsamfunnet, ein stad der alle bygdene har ei kjensle av eigarskap. Arrangementet har gjeve ny kunnskap om dei lange linene i rettshistoria, og har gitt idear til korleis vi kan jobba vidare med samfunnsaktuelle tema i kommunen. Kulturen og kunsten har skapt rom for refleksjon og debatt, og bidratt til nye og sterke fellesskap.

2.3 Tidsramme

Planlegging av deltaking i Nasjonaljubileet har pågått sidan 2018. Deltaking i Landslovjubileet starta for Gulatinget i 2020 med utstilling og foredrag. Arbeidet knytt til Gulatinget 2024 vart gjennomført i 2023-2024, med fleire arrangement fram mot helga 23.-25. august.

2.4 Ressursbruk

Prosjektet er gjennomført som ein del av utviklingsarbeidet knytt til Tusenårsstaden Gulatinget som kulturarvstad og kulturarena, og har vore ein naturleg del av den daglege drifta fram til gjennomføring av hovudmarkeringa august 2024.

Gulatinget 2024 har vidare hatt bistand frå innleigde eksterne aktørar og samarbeidspartnarar, og har knytt til seg kompetanse kommune ikkje har i stab. Ekstern bistand var innarbeida i budsjettet for programmet (sjå eige post).

3. Måloppnåing

Gulatinget har gjennom deltaking i Nasjonaljubileet - Noreg i tusen år og Landslovjubileet styrkja sin posisjon lokalt regionalt og nasjonalt. Programmet har minna oss om at både folkestyre, fred og tillit til styrings- og rettssystem er sårbare verdiar som stadig er under press. Dette er eit tema som blei debattert i eit fortid-, notid- og framtidsperspektiv under fagseminaret på Gulatinget 2024.

Både planlegging og gjennomføring av arrangementet har generert nye samarbeidsformer på tvers av lokale aktørar, nasjonale og internasjonale kompetansmiljø. Prosjektet har testa ut nye kultur- og opplevingstilbod på nye arenaer i heile kommunen.

Delmål 1

Gulatinget 2024 har mobilisert ungdom og gjeve dei inspirasjon, medvit, interesse, kunnskap og konkrete idear om korleis dei kan bidra til å bli ansvarlege borgarar og inspirerte samfunnsaktørar. Deltaking i arrangementet har gjeve ungdom gode opplevingar frå Gulen og Gulatinget. Deltaking i planlegging og produksjon av kulturhen-

dingane i 2023 og i 2024 er erfaringar dei tek med seg vidare i livet, og som bidreg til at dei vil delta på nye arrangement i framtida.

Delmål 2

Gulatinget 2024 har bygd vidare på eksisterande, og utvikla nye tverrfagleg samarbeid knytt til den historiske arven frå Gulatinget. Arrangementet har styrka Gulatinget sin posisjon som arena for dialog, debatt og kunnskapsutveksling mellom ulike fagfelt og institusjonar. Me dette har arrangementet bidratt til å realisere samfunnsoppgdraget som ligg i Gulatinget sitt mandat.

Delmål 3

Gulatinget 2024 har mobilisert til deltaking i lokalsamfunna i Gulen, der bygdene har fått utvikle sine stemmer og blitt løfta fram i fellesskapet på Gulatinget. Saman har lokalmiljøa i samarbeid med profesjonelle utøvarar skapt visuelle forteljingar gjennom kunst, poesi, og handverksaktivitetar.

Delmål 4

Den store hovudmarkeringa på Gulatinget 2024, premieren på DNS sin store festframsyning «Dei guddommelege søstre» aktualiserte og problematiserte den sterke uroa i verda for fred og demokrati, sett i lys av aukande krigshandlingar som rammer uskuldige.

Med tekstar av Nobelprisvinnar i litteratur Jon Fosse, Ruth Lillegraven, Maria Tryti Vennerød og Brynjulf Jung Tjønn, problematiserte stykket og uroa for dei stadig meir dramatiske klimaendringane, som truar liv for menneske og dyr, og driv folk på flukt.

Opphavleg var det planlagd eit tingingsverk av De Utvalgte. Redusert budsjett ga ikkje rom for dette og planane måtte endrast, og blei erstatt med ein samproduksjon mellom Gulatinget 2024 og Den Nationale Scene.

4. Organisering

Styre

Tone Ekerhovd (Formidlingsansvarleg Gulatinget), Anne Hopland (Dagleg leiar Gulatinget), May-Lynn Osland (Ordførar Gulen), Reidun Halland (Kommunedirektør Gulen), Halvor Elde (Leiar Oppvekst- og skule), Yngve Kversøy (Leiar Økonomi- og personal)

Styret blei undervegs styrka med sentrale ressurspersonar frå leiinga i Gulen kommune. Mellom anna blei avgått ordførar Hallvard Oppedal avløyst av ny ordførar i Gulen May-Lynn Osland etter kommunevalet, og andre i leiarlinja gikk inn i styret.

Prosjekteigar

Gulen kommune

Prosjektleiari og programansvarleg GT24

Tone Ekerhovd

Prosjektgruppe

Tone Ekerhovd, Tone Einelia, Viggo Randal, Brage Thunestvedt Hatløy, Anne Hopland, Torkil Sandsund

Torkil Sandsund gjekk ut av gruppa som følgje av endring i teaterdelen av programmet. Anne Hopland gjekk inn i det utvida styret.

5. Samarbeidspartar

Nasjonaljubileet – Norge i tusen år Borghild Lundeby

Vestland Fylkeskommune Anna Elisa Tryti

Raftostiftinga Solveig Moldrheim

Den Nasjonale Scene - Ragnhild M. Gudbrandsen

Høgskulen på Vestlandet, Dramaseksjonen, Mette Bø Lyngstad

Justismuseet Åshild Karevold

UiO Jørn Øyrehagen Sunde

Lag og organisasjonar i Gulen Kommune

6. Aktivitetar

Gulatinget 2024 sitt jubileumsprogram vart gjennomført i perioden 23.-25. august. I tillegg har programmet hatt ulike prosjekt og arrangement i perioden mars 2023 og fram til jubileumsdagane i august 2024.


Gulatinget 2024 hadde som mål å etablere tverrfaglege samarbeid og kunstutvikling som kunne utløse refleksjon og dialog på tvers av bygder i Gulen kommune. Målet for kunstprosjektet «Finna stad» var å skape møtestadar og arenaer der folk kunne møte kvarandre på tvers av erfaringar, bakgrunn, kunnskap og generasjonar.

Finna Stad har omfatta heile kommunen, og involvert deltakarar i alle aldrar frå barnehage til sjukeheim, med kunst og poesiprojekt, foredrag av kunstprofessor Gunnar Danbolt, konserter og teater på Tusenårsstaden Gulatinget (sjå eige rapport).

Målet var også å aktualisera og gjera tilgjengeleg Gulatinget si historie for eit breitt publikum og ei brei deltakargruppe. Gjennom ulike prosjekt, aktivitetar og opplevingar i dei ulike bygdene i Gulen har ein oppnådd dette.

Opning

9. september 2023 kom prosjektleiar for Nasjonaljubileet, Borghild Lundeby med elden frå Stiklestad. Den hadde reist med bil heile den lange vegen frå Stiklestad i Trøndelag, til Gulen i Vestland. Opningsmarkeringa starta med Landslovforedraget "Guds fire døtre" med professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde.



Deretter blei elden høgtidleg overrekt til Gulatinget og ordførar Hallvard Oppedal ten- te eit stort bål på Eldsirkelen av Bård Breivik. Markeringa vart deretter ramma inn av ei høgtidleg midnattsmesse med verket Rennande Blått på Tusenårsstaden Gulatinget.





Kunstprosjektet Finna Stad bring saman stad, kunst og demokratiske prosessar. Prosjektet starta opp på Dalsøyra i mars 2023, og har sidan vitja og involvert til saman fire bygder i kommunen.

10. Juni var 70 ungdomsskuleelevar frå heile Gulen på Gulatinget i samarbeid med Kystpilegrimsleia og i regi av Finna Stad. Det blei verdisamtalar og historier knytt til korleis gamle lover fungerte (eller ikkje fungerte). Elevane jobba med utvalde lover, og utforma kloke innspel som vil bli levert vidare til stortingspresidenten.

Finna Stad inkluderte og barn og unge og deira poesi i opningsprogrammet 9. september 2023, i samspel med Karl Seglem og lysdesignar Birk Nygård.

Finna Stad jobba saman med ungdommane også i høve jubileumsutstillinga "Ly" som opna jubileumshelga 23. -25. August. Her var alle ungdommane frå Gulen medkunstnarar (meir under).







Fagkonferanse fredag kl. 11.00 – 17.00 og laurdag kl. 11.00 – 14.00

Gulatinget var under jubileet ein arena for samtalar mellom folk, folkevalde, forskarar, forfattarar, kunstnarar og engasjerte samfunnsdebattantar, henta inn frå heile Noreg. Foredragshaldarane drøfta, utfordra, debatterte og delte tankar, idear og kunnskap om truslane mot folkestyre, tillit og fred.

FAGSEMINAR



FREDAG

- 11.00 Velkommen og intro til dagen
- 11:10 Jørn Øyrehagen Sunde
- 11:35 Berit Reiss-Andersen
- 12:05 Hilde med spørsmål til Berit
- 12:15 Dag Wollebæk
- 12:25 Panel: Elisabeth, Dag
- 12:45 Marie Skeie, lytteløype
- 13.15 LUNSJ
- 14.00 Eva Joly
- 14:40 Mona Ringvej
- 15:05 Hilde i intervju med Ánde Somby
- 15:25 Hilde i samtale med Ánde og Mona
- 15.40 PAUSE
- 16:00 Leonora Onarheim Bergsjø
- 16:20 Jørn, Berit, Eva i samtale med Hilde
- 16:35 Jostein Kobbeltvedt
- 17.00 Takk for i dag

LAURDAG

- 11:00 God morgon og intro til dagen
- 11:05 Ingeborg Breines
- 11:30 spørsmål/samtale
- 11:35 Cecilie Hellestveit
- 11:55 PAUSE
- 12:10 Line Katheeb
- 12:30 Hanne Sophie Greve
- 12:55 spørsmål/samtale
- 13.00 PAUSE
- 13:10 Samtale: Line Katheeb, Cecilie Hellestveit, Hanne Sophie Greve
- 13:30 Samtale: Steinar Larsen, Irene Kinunda Afriyie, TBA
- 14.00 Takk for i dag

Fredag - Overordna tema: Tillit

Innleiarar: Jørn Øyrehagen Sunde, Berit Reiss-Andersen, Eva Joly, Jostein Kobbeltvedt, Elisabeth Ivarsflaten, Leonora Onarheim Bergsjø, Dag Wollebæk, Ánde Somy, Marie Skeie og Mona Ringvej.



Laurdag - Overordna tema: Fred

Innleiarar: Cecilie Hellestveit, Ingeborg Breines, Steinar Larsen, Irene Kinunda Afriyie, Hanne Sophie Greve, Line Khateeb.

Desse markante forskarane og samfunnsdebattantane skapte engasjement, debatt og refleksjon i ei tid der tematikken for fagkonferansen ikkje kunne vore meir aktuelt, og der verdiane ikkje kunne vore meir under press. Innlegg og påfølgande debatt, samt spørsmål frå salen tok pulsen på demokratiet.

Seminaret ga innsikt og auka forståing for truslane mot folkestyret, tilliten i samfunnet og den draumen vi alltid ber på om fred i verda, og stilte spørsmål om kva historia vår kan gje av lærdom. Gjennom innlegg og debatt blei det leita etter teikn som kan styrkja oss i håpet om ein tryggare framtid.

Hilde Sandvik leia publikum og innleiarar med stø hand gjennom programmet dei to dagane fagseminaret gjekk føre seg.



Fagkonferansen blei grunna store nedbørmengder flytta innomhus til Skjerjehamn, og det vart sett opp båttransport til og frå Eivindvik, og til Tusenårsstaden Gulatinget.

Finna Stad «Ly» kunstutstilling

Utstillinga «Ly» hadde offisiell opning 23. august. Utstillinga var eit sosialt kunstprosjekt av kunstnarane Tone Einelia og Petra Rahm, som i over eit år har gjort seg kjende med menneske og stadar i heile Gulen. Utstillinga speglar menneskemøter, fysiske og immaterielle minner frå deira reiser til Gulen (sjå eiga rapport for kunstprosjektet «Finna Stad»).



KONSERTAR

Fredag kl. 19.30 i Gulen kyrkje Jens Wendelboe m/ Hardanger Big Band


Jens Wendelboe er kjend frå bandet Blood, Sweat & Tears og er ein framifrå komponist, musikal og orkesterleiar. Denne kvelden skapa han saman med Hardanger Big Band stor stemning i Gulen.



Fredag kl. 22.30 Hidden Souls of Dreams

Hidden Souls of Dreams på Tusenårsstaden Gulatinget var ei heilt spesiell konser-
toppleving. Dette er eit kunst- og musikksamarbeid mellom Winter Lazarus og Heidi
Torsvik, saman med gjesteartistane Karl Seglem og Ronni Le Tekrø frå TNT. Ulike
musikalske univers smelta saman til ein ny musikalsk oppleving i spektakulære ram-
mer med den mektige Tingveggen til Bård Breivik som bakgrunn.

Winter Lazarus er nominert ikkje mindre en 12 gonger til ulike Grammys, og har vun-
ne fleire kategoriar av dei gjeve prisane, både som komponist og artist. Heidi Torsvik
er musikal og songar frå Bergen som bevegar seg både breitt og djup innan musikk,
film og scenefeltet. Hidden Souls of Dreams var også ei rik visuell oppleving, der
lyskunst frå visualist Audri Phillips og Bjørn Are Evjen, i samarbeid med Birk Nygaard
vart projisert på Tingveggen.



Laurdag kl. 15.30 Fargespill Gratis familiekonsert

Endring: Konserten med Fargespill måtte dessverre avlysast av tryggleiksomsyn pga
store nedbørsmengder og vérmeldingar som meldte om fare for lyn og torden.

Laurdag kl. 19.30 Anita Nordheim Blues n´ Groove Company

Anita Nordheim spelte saman med musikarane Tore Kvalvik, Peter Sæverud, Mikael Chauvet Jørgensen, Hans Marius Andersen og Håvar Skaugen.




Laurdag kl. 21.30 Festførestillinga «Dei Guddommelege Søstre»



Nobelprisvinnar og medforfattar av «Dei Guddommelege Søstre» Jon Fosse mottek vel fortent applaus etter framføring av stykket.





Det store kunstnariske høgdepunktet for jubileumsfeiringa var festførestillinga «Dei Guddommelege Søstre». Teateroppsettinga var ein samproduksjon mellom Gulatinget og Den Nationale Scene, i samarbeid med Kyrkjekultur Vest AS.

Opningsteksten kunne ikkje vore meir aktuell i eit utandørs arrangement som fleire gangar sto i fare for å bli avlyst grunna store nedbørsmengder: «Kvar kjem det frå, alt dette regnet?» opna ein av skodespelarane med å spørje ut over eit publikum som sat under presenningar då himmelen opna seg over Gulen og kontinuerleg sendte kaskadar av regn over arena og publikum. Spørsmålet om demokratiet kan handtere dei inngripande endringane som må til for å stagge utvikinga og trygge framtida vart ein tung undertone sett på bakgrunn av dei kreftene som rår i verda. Tida som kvernar og går mens attverande tid til å handle renn ut, var det illevarslande budskapet publikum gjekk derfrå med.

Kunstnarleg konsept: Ragnhild M. Gudbrandsen

Tekstar: Jon Fosse, Ruth Lillegraven, Maria Tryti Vennerød og Brynjulf Jung Tjønn.

Regi: Hilde Sol Erdal

Musikalsk produsent: Helge Lilletvedt

Musikarar: Karl Seglem, Kåre Opheim

Skodespelarar: Sissel Ingri Tank-Nielsen, Tomine Mikkeline Eide, Katrine Dale, Reidun Melvær Berge.

Dirigent: Mikael Hedné Kor: Multa Paucis

Visuelt innhald på Tingveggen: Birk Nygård

Lysdesign: Thale Tollefsen

NRK – Landslova Minutt for minutt (eller ord for ord)

Laurdag var Gulatinget del av NRK sin maratonsending "Landslova minutt-for-minutt". Veka før var det gjort filmopptak frå Gulen som vart brukt i sendinga. Det vart lese frå "Tingfarebolken" og seinare frå "Landevernsbolken" i Landslova.



Sundag kl. 11.00 Jubileumsgudsteneste

Vi hadde hatt mykje å feire i dette jubileumsåret, og for fyrste gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop. Ragnhild Jepsen kom for å halde jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje i Eivindvik den 25. august. Slik bidrog biskopen og prost Helge Taranrød til ei verdig og høgtidleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga.

Det var song av Brekke Mannskor og tekstlesing av Barne og familieminister Kjersti Toppe og Ordførar May-Lynn Osland. Ei verdig avslutning på Nasjonaljubileet og Landslovsfeiringa.

26.-27. august. Demokrati og Menneskerettsseminar for ungdomar i Vestland Fylke

Dette prosjektet, retta inn mot ungdom i Vestland, har vore eit samarbeid med Raftostiftinga, Høgskulen på Vestlandet (Dramaavdelinga), Ungdomsrådet i Vestland og Moster 2024. Arbeidet starta alt i 2022, og har vore forankra i Vestland Fylke sitt Landslovsarbeid. Det var 100 elevar påmeldt frå diverse skular i Bergen.

Endring: Arrangementet vart først utsett pga av været, samt leveranseproblem knytt til bestilte telt som skulle vore brukt til å huse undervisninga. Elevane skulle og overnatte i telt på Gulatinget. Seminaret var difor planlagd flytta til Åsane Kulturhus. Men også dette måtte avlysast grunna sjukdom i produksjonen. Etter det hadde ein dialog med Raftostiftinga og dramaavdelinga på HVL med tanke på å gjennomføre arrangementet 22.-23. oktober. Det viste seg imidlertid at også dette var vanskeleg å gjennomføre for skulane, då det kom i konflikt med den planlagde skuleruta. Arrangementet blei difor endeleg avlyst.

7. Økonomi

Prosjektet hadde ei budsjetttramme på kr 4,7 mill, men endte ut med eit underskot på kr 0,9 mill. Det er ulike årsaker til budsjettsprekken, nærare spesifisert under.

Gulen formannskap var undervegs i planlegginga informert om økonomiske rammer for prosjektet og vanskar med finansiering og prosjektstyring.

Årsaker

Uavklart finansiering


Evalueringa tilseier at ein kom for seint i gang med å forankre arrangementet økonomisk.

Ein del av dei finansieringskjeldene det var naturleg å søke støtte hjå har søknadsrunder år for år noko som innebar at vi var komme langt inn i 2024 før vi hadde avklart alle søknader. Samstundes må artistar bookast i god tid før arrangementet. Når søknader då ikkje går inn får ein svikt på inntektssida.

Prosjektet hadde ei forventning om at fylkeskommunal støtte skulle speile støtta frå barne- og familiedepartementet på kr 2 mill. Den fylkeskommunale støtta vart mindre enn forventa og grunna manglande finansiering til prosjekt måtte Gulen kommune i desember 2023 gå til det skritt å sei opp intensjonsavtaler om eit tingingsverk med De Utvalgte og Motorpsycho, og med det starte arbeidet med å finne alternativt tingingsverk og artistar til jubileumshelga. Ein stønad frå Kulturdepartementet som følgde De Utvalgte sitt tingingsverk måtte vi sei frå oss.

Uvær

Vind, regn og varsel om lyn og torden skapte store utfordringar for arrangementet.



Kjelde: Yr.no

Opningsarrangementet i september 2023 vart ein stor suksess og prosjektgruppa valgte å legge denne profilen til grunn for hovudarrangementet der mellom anna tingveggen vart nytta som eit visuelt element. Prosjektet tok med det ein kalkulert risiko kring værtilhøve og det å gjennomføre produksjon utan tak over scena.

Dei faktiske værtilhøva jubileumshelga førte med seg mykje ekstra jobb i sikring av utstyr. I tillegg kostar det meir å ha alt utstyr mest mogleg vasstett. Fleire av arrangementa vart flytta frå tingstaden til kyrkja. Dette medførte behov for noko meir utstyr, teknisk mannskap og shuttlebuss.



Regnet vart eit sterkt "innslag" i "Dei guddommelege søstre" som mellom anna tok opp klimaendring.

Publikumssvikt

Det var budsjettert med 250 kulturbilletter kvar kveld og 150 seminardeltakarar. Seminaret på Skjerjehamn var fullbooka, og stod publikumsmessig heilt til forventningane. Oppslutning på kulturarrangementa var låg. Samla inntekter her hamna på knappe kr 200 000 der ein dessverre må skulde ein god del på vær.

Tilbakemeldingar har komme på at arrangementa var for lite marknadsført. Det var nytta ulike marknadsføringskanalar som lokalaviser, kommunal nettside/facebook, kommunal informasjonsavis (i postkassa), samt oppslag på butikkar o.l.

Uluke

Produsenten for arrangementet kom ut for ei ulukke natt til torsdag (dagen før oppstart). Det måtte difor skaffast ny produsent. Mykje uavklarte forhold tett inn mot start på arrangementet medførte ekstra kostnader til produsent, bemanning, administrative ressursar etc.

8. Avslutning

Trass i arrangementstekniske og økonomiske utfordringar, kan Gulatinget 2024 likevel oppsummerast som ein kunstnarleg og fagleg suksess. Publikum fekk oppleve eit fagseminar av høg kvalitet, med nokon av landets fremste forskarar, skribentar og samfunnsdebattantar. Tilbakemeldingane frå deltakarane i ein fullsatt sal på Skjerjehamn var udelt positive. Debattane var tankevekkande og engasjerande.

Publikum fekk oppleve unike kunstnarlege og musikalske framføringar, og store teateropplevingar. Kunst, poesi, musikk, teater, lyd, bilde formidla saman viste kva unike kvalitetar Tusenårsstaden Gulatinget representerer som kulturarena. Vi fekk sjå kva arenaen kan levere av opplevingar når fleire kunstformar spelar i lag; på Tinghella, foran den majestetiske Tingveggen til Bård Breivik.

Tilbakemeldingar frå publikum har vore udelt positive. Arrangementa gav rom for ettertanke, storstilte visuelle opplevingar og ei sterk kjensle av fellesskap. Det vart ei verdig markering av Nasjonaljubileet og Landslovsjubileet som Gulatinget og Gulen kommune er svært stolte av.

Vi vil takke alle innleiarar, kunstnarar, musikarar, skodespelarar, songarar, lyskunstnarar, tekstforfattarar, alle i regi, design, lyd og bilde kunstnarar, alle som rigga opp og ned, alle som frakta, køyrte, stilte på dugnad. Takk til alle bønder og entreprenørar som stilte med traktorarar og utstyr, og alle i kommunen som jobba overtid og sto på. Og sjølvsagt; takk til alle som kom, på konserter, på foredrag, på kunstutstilling, på teaterframsyning, som holdt ut veret, stilte med godt humør og skapte fellesskap og glede.

Takk for økonomisk støtte frå:

Barne- og familiedepartementet
Kultur- og likestillingsdepartementet
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Vestland fylkeskommune
Gulen kommune

Med helsing

Styret for Gulatinget 2024

The logo for Gulatinget features a stylized orange 'G' with a diagonal hatched pattern inside its upper curve, followed by the word 'ulatinget' in a lowercase, sans-serif font.

Foto side 7 (bilda til høgre), 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17 og 22: **Halfdan Hallseth/Fjord Productions**

Foto side 8, 9 og 10: **Fotograf Gøril Sætre**



FOLKESTYRE
TILLIT FRED

